

Korleis fungerer samarbeidet mellom kommunane i dag?

Av Jørunn Ofte

Jørunn Ofte er siv.ing. Bygg NTH 1972. Han er ansatt i firmaet ing. Vidar Tveiten.

*Innlegg holdt i Norsk Vannforening
11. oktober 1979*

INNLEIING

Noreg er eit mangslunge land med store skilnader i busetjingsmønster og folketettleik. Behovet for felles løysingar når det gjeld vassforsyning, avløpsanlegg og renovasjon vert tilsvaranda variert, då tilgang på reint vatn varierar og det same gjeld krava til rensing av avløpsvatn. Over store delar av landet har fortsatt kvar husstand sin eigen brønn og sine egne høgst private avløps- og renovasjonsordningar.

Vi har imidlertid også delar av landet der slike private ordningar av diverse omsyn ikkje er akseptable. Forureining av vassdrag har gjort det nødvendig med pålegg om høggradig rensing av avløpsvatn av omsyn til vannforsyningsinteresser, fiskeriinteresser, rekreasjonsverdier m.v. Årsakene kan vera mange, men felles løysingar har vorte nødvendige og dette saman med ei generell oppvurdering av miljø- og naturvern har ført til at ei sentral styring av utviklinga er blitt eit faktum også på VAR-sektoren.

Som følgje av behov for felles løysingar og skjerpde krav, vert også anlegga

meir kompliserte og omfattande. Dette set i sin tur større krav til kompetanse, administrasjon og ikkje minst økonomi rundt i kommunane. Dessutan skjer det ei stadig utvikling i forskning og teknologi. Mange instansar, institusjonar og utval som arbeider innanfor VAR-faget kjem med nye retningslinjer, normer, krav og publikasjonar og industrien presenterer nyvirkningar, slik at det er vanskeleg å halde oversikt over alt for den enkelte tenestemann. Problemet er sikkert stort for dei fleste, men eg trur det er størst i dei mindre kommunane.

Større kommunar har ein større stab på teknisk etat og oppgåver av ulike slag vert fordelt til meir spesialiserte delar av etaten. I ein liten kommune derimot er det ikkje uvanleg at same mann er administrativ leiar av teknisk etat, bygningssjef, reguleringsjef, brannsjef og kommuneingeniør så vel på planleggings- som anleggssida m.v. Ein kommuneingeniør fortalte meg ein gong at han var nøydd til å gå i krykja kvar sundag fordi det var einaste staden han fekk vera i fred for telefonar og spørsmål. I mange saker som skal avgjerast må ein i større kommunar ofte mange lønstrinn opp for å få svar samanlikna med han som tar avgjerda i den vesle kommunen. Dette får ofte verknad for rekrutteringa

i dei små kommunar, då folk flest er lite interessert i å ta ansvar utan å bli betalt for det.

Ein finn difor ofte eit ønskje og behov i dei mindre kommunane for eit samarbeidsorgan som kan ha som oppgåve å samle trådane og halde oversikt over det som kjem utanfrå av ny teknologi, retningslinjer m.v. Organ som kan tene som rådgjevar for etaten sjølv eller for driftspersonalet i samband med ulike spørsmål vedkomande utbygging eller drift av VAR-anlegg.

SAMARBEIDSFORMER

Ein kan tenke seg fleire ulike former for interkommunale eller regionale samarbeidsorgan som t.d.

- Interkommunale selskap på eigarsida og/eller driftssida.
- Private eller halvoffentlege selskap på eigarsida og/eller driftssida.
- Driftsassistanse gjennomført i fylkeskommunal regi.
- Driftsassistanse og evt. driftskontroll gjennomført i privat regi med kommunalt og/eller fylkeskommunalt engasjement.
- Organisering av driftspersonell.

Dei fleste av disse formene for organisering finn vi her i landet i dag, men landet sett under eitt, dekkjer dei etablerte samarbeidsformene på VAR-sektoren berre ein del av landet.

Interkommunale selskap.

Desse finn vi fleire av i dag innanfor så vel vassverk som avløps- og renovasjonssida. Det vil gå for langt å gå i detalj på alle saman, men nevner nokre døme:

Søndre Vestfold Avfallsselskap der fleire kommunar har gått saman om eit felles oppmalings- og komposteringsanlegg for fast avfall på Grinda utanfor Larvik.

ITA — Interkommunalt selskap for tekniske anlegg i Arendal/Grimstad-regionen som arbeider innanfor fleire område på VAR-sektoren med hovudkontor i Arendal.

Vestfold interkommunale vannverk med hovudkontor i Tønsberg forsyner store delar av fylket med vatn fra Farris ved Larvik.

TAU — Tønsbergfjordens avløpsutvalg.

HIAS — A/L Hedemarken interkommunale avløpssamband med felles hovudrenseanlegg for fleire kommunar ved Hamar.

VEAS — Vestfjorden Avløpsselskap som etter ein kanskje noko trang fødsel har under bygging landets største renseanlegg ved Slemmestad for behandling av avløpsvatn frå Oslo, Bærum og Asker.

Dette var nokre få døme på interkommunale selskap som også står som eigarar av anlegga. Fleire fins og nevner i fleng Nordre Follo Kloakkverk, Søndre Follo Kloakkverk, RA-2 i Rælingen, fellesvassverk på Romerike m.fl.

Det kanskje eldste og best kjente organiserte samarbeidet over kommunegrensene på VAR-sektoren her i landet, er ANØ-Avløpssambandet Nordre Øyeren. Dette vart formelt stifta i 1966 av kommunane Lørenskog, Nittedal, Rælingen og Skjedsmo. Området er seinare utvida og 12 kommunar er no medlemmer. ANØ står ikkje som eigar av noko anlegg, men arbeidar innanfor ramma av formålsparagrafen med ei rekke oppgåver som t.d.

- avløpsplaner, søknader om utslippsløyve.
- planlegging, byggekontroll av renselanlegg.
- drift eller assistanse med drift av renselanlegg.
- oppfølging av vasskvalitet i elvar, bekkar og innsjøar.
- undersøkingar og oppfølging av industriutslipp.
- regionale utgreiingar i samband med transport og behandling av slam og avfall.
- utredningar vedrørende vatn-, kloakk- og renovasjonsavgifter.
- ei rekke informasjonsoppgåver, for eksempel vedkomande kvalitet av ledningsnett, drift av renselanlegg, utslipp frå spreidd bebyggelse m.v.
- vurdering av, og uttalar i samband med nye lover og forskrifter.

Samarbeidet vert finansiert med ein fast kontingent som for tida er, Kr. 8,80 pr. innb. pr. år og honorar for spesielle oppgåver. T.d. den rutinemessige driftsassistansen og -kontrollen er eit slikt oppdrag der kostnaden er Kr. 16.000,— på anlegg med månadsvisе besøk og Kr. 8.000,— ved besøk annankvar månad. Besøksfrekvensen er fastlagt i retningslinjer frå SFT. ANØ-samarbeidet er utførleg omhandla og beskrive i Prosjekt-rapport nr. 1 - 1976 frå NTNF's utvalg for drift av renselanlegg.

Private eller halvoffentlege selskap

Slike selskap finns så vidt eg veit ikkje her i landet i dag på VAR-sektoren.

For å illustrere kva som er meint med denne nemninga kan ein tenke seg ei samanlikning med E-verka her i landet som leverar elektrisk energi til faste ptisar pr. kWh. Frittstående eller halvoffent-

lege selskap kunne stå som eigarar og ansvarlege for utbygging og drift av VAR-anlegg mot betaling pr. m³ vatn levert frå vassverk eller mottatt på renselanlegg eller pr. tonn avfall levert.

Slike selskap finns i fleire andre land og det finns også private firma som tek på seg drifta av anlegga.

Driftsassistanse i fylkeskommunal regi

På avløpssektoren er det forvaltningsmessig ansvar for tilsyn med renselanlegg tillagt plan- og utbyggingsavdelinga i fylka. Steget er då ikkje langt å utvide dette til også å gjelde driftsassistansen og rådgjeving med prosjektering av anlegg og dette er i ei viss mon forutsetninga for systemet.

Ei slik organisering av assistanseopplegget forutset imidlertid i fleire fylke ei auka bemanning på plan- og utbyggingsavdelinga og eit fylkeskommunalt laboratorium, slik at desse i fellesskap kan stå for arbeidet.

Eit slikt assistanse opplegg vart starta i Buskerud fylke ved årsskiftet 1978—79 etter at det i eit par år hadde vore drive systematisk utslippepskontroll av alle renselanlegg etter pålegg til kommunane om å sende inn prøver i samsvar med retningslinjene frå SFT. Utslepps-kontrollen vert kosta av kommunane medan assistansen er gratis dei fyrste to åra. Det daglege arbeide vert gjennomført av plan- og utbyggingsavdelinga medan det er oppretta ei styringsgruppe med representantar frå kommunane, plan- og utbyggingsavdelinga og NTNF's utvalg for drift av renselanlegg.

Fylkeskommunalt organisert tilsyns- og assistansearbeid er også i gang i Aust-Agder, Hedmark og Østfold, men organisering og finansiering av arbeidet varierar.

Driftsassistanse i privat regi.

NTNF's utvalg for drift av renseanlegg og plan- og utbyggingsavdelinga i Telemark tok hausten 1976 initiativet til eit prosjekt som fekk navnet «Interkommunalt samarbeid om drift av kloakkrenseanlegg i Telemark». Arbeidet vart starta opp ved årsskiftet 1977 og pågjekk i to år med deltaking av 9 kommunar i Midt- og Vest-Telemark.

Finansieringa var med midlar frå Miljøverndepartementet, NTNF's utvalg for drift av renseanlegg og deltakarkommunane. Det daglege arbeidet med gjennomføring av prosjektet vart sett bort til eit lokalt konsulentfirma i distriktet.

Formålet med prosjektet var formulera som følgjer:

1. Heve standarden på eksisterande renseanlegg til eit tilfredsstillande nivå så vel prosessmessig som bygningsmessig og driftsmessig for å sikre eit forsvarleg utbytte av allerede foretekne og framtidige investeringar.
2. Betre driftsoperatørens arbeidsforhold og faglege kompetanse.
3. Legge forholda til rette for ein rasjonell eigenkontroll av anleggenes drift og vedlikeholdsmessige standard og samtidig dekke tilsynsmyndighetenes behov for tilstrekkeleg informasjon.
4. Lage eit rutineprogram som er anvendbart også i andre fylke.

Arbeidet vart konsentrert om følgjande hovudområde:

- Dokumentasjon av driftstilstand.
- Teknisk assistanse/veiledning
- Rutinebesøk med prøvetaking for drifts- og utsleppskontroll.
- Assistanse ved igangkøyring.
- Kursverksemd.

Prosjektrapporten er ferdig og er sendt ut frå NTNF's utvalg for drift av renseanlegg i desse dagar.

Etter at NTNF-prosjektet vart avslutta fortsette samarbeidet etter grovt sett same mønster med 8 av dei «gamle» kommunane medan 2 nye kom til.

Finansieringa i det vidareførte prosjektet er i 1979 basert på Kr. 150.000,— i statleg tilskot, ei deltakaravgift på Kr. 10.000,— pr. kommune og ei anleggsavgift som er sett til Kr. 7.000,— pr. anlegg med besøk 6 gonger pr. år og Kr. 9.000,— med besøk 12 gonger pr. år. Dette inkluderar då analysekostnadar m.v.

Arbeidet vert gjennomført av same konsulentfirma. Dette arbeider på timebasis og evt. overskytande midlar på eit budsjettår kan disponerast av ei styringsgruppe til spesielle undersøkingar, overførast til nytt år e.l.

I styringsgruppa sit ein representant for kommunanes sentrale administrasjon, ein for teknisk etat og ein for driftsoperatørane. Plan- og utbyggingsavdelinga er sekretariat for styringsgruppa.

Organisering av driftspersonell.

I fleire fylke har driftsoperatørane på VA-anlegg gått saman og danna foreningar med føremål å auke den faglege kompetanse blant medlemene t.d. ved utveksling av driftserfaringar, orientering om, og utveksling av litteratur, arrangering av kurs og befaringar m.v.

Foreninga har fått navnet «Vann- og avløpsoperatørenes forening, avdeling Buskerud» (h.h.v. Vestfold) og danner nok eit svært verdifullt tilskot til fagmiljøet i det aktuelle området ved at idéen har sprunge ut mellom dei same personar som foreninga skal tene. Denne organisasjonsmodellen er rimeleg for det offent-

lege, men kan ikkje ta på seg noko av det ansvar det offentlege har med tilsyn og kontroll. Slike foreningar må heller ikkje verte ei sovepute for det offentlege m.o.t. assistanse og informasjon, men heller eit reidskap for å effektivisere informasjonsarbeidet.

OPPSUMMERING

Eg har her innledningsvis freista å beskrive ein situasjon og eit behov ein finn mange stader for eit regionalt samarbeid på VAR-sektoren rundt i landet.

Vidare har eg vist at slikt samarbeid førekjem, men det er berre i delar av landet slikt finns og organisering, arbeidsområde og ikkje minst finansiering varierar mykje. Fleire av dei «samarbeidsgruppene» som finst, arbeider med statleg stønad over eit begrensa tidsrom då Miljøverndepartementet yter stønad til slike

driftsassistanseprosjekt på avløpssektoren i 2 år. Kva som vil skje med dei etablerte samarbeid etterpå, er uvisst.

Utgangspunktet er forskjellig ut over landet og eg har difor ikkje gjeve meg ut på noko vurdering av dei ulike organisasjonsformer, men meiner vi treng ein samla plan for korleis vi i framtida vil drive informasjonsarbeid på dei ulike plan og delar av VAR-sektoren.

Eit sentralt punkt i arbeidet vil vera å koma fram til ei einheltleg finansieringsordning, slik at eit distrikt kan velge den samarbeidsform som høver ut frå sine forutsetningar utan å verta økonomisk «skadelidande» i høve til andre distrikt med andre samarbeidsordningar. Eit slikt arbeid er i gang på avløpsida ved at NTNF's utvalg for drift av renseanlegg i samråd med Statens Forurensningstilsyn har sett i gang eit prosjekt vedkomande organisering av driftsassistanse på kloakkrenseanlegg.